



Mange interesserte bønder på markvandring. Her ved Kjærland sitt attlegg på Fitjaflatene.

Tre uskedalsbønder, Lars Haugland, Arne Johannes Haugland og Hans Reidar Kjærland, prøver i år ut nye variantar av vekster i attlegga sine. Sidan dei er mellom dei første i Hordaland som prøver dette, er det og av stor interesse for andre bønder. Derfor arrangerte Norsk landbruksrådgjeving, Hordaland (Forsøksringen) i går markvandring hos dei 3 bøndene.

Vi veit at tidlegare vart det ofte brukt korn i tillegg til grasfrø i attlegga. Det som er nytt no er at dei brukar erter. Dei 3 bøndene har brukt 3 ulike frøblandingar. Arne Johannes har brukt erter og grasblanding, Lars erter, havre og grasfrø og Hans Reidar har brukt bygg og erter i tillegg til gras. No føl dei spent med på kor vellukka dette vert.

Hans Reidar fortel at dette med å bruka erter er noko som er kome dei siste 3-5 åra. Det er særleg mjølkebønder på Jæren som har prøvd dette ut.

- Det blir meir proteinrikt fôr, og det kan gje høgare ytelse i avdrott. Det kan og vera kraftforbesparande. Ein annan ting er at rask vekst gjer at det held ugras vekke, og i tillegg er det gjødselsbesparande første tida då røtene på ertene produserer nitrogen, og dermed gjødsel sjølv, forklarar Kjærlandsbonden.

Han fortel at det må såast i to omgangar. Først har han sådd ertene i 6 cm djupne og tromla. Deretter har han sådd korn og grasfrø og tromla på nytt. Haustingstidspunktet er viktig då ertene må slåast 75-77 dagar etter såing. Slåinga må skje skånsomt før det vert balla.

- No håpar vi verkeleg på godt haustingsver. Det er heilt avgjerande, forklarar Kjærland vidare.



Rådgjevar Røthe (t.h.) fortel om erfaringar med ertes i attlegg, medan Kjærland gjer greie for sitt prosjekt.

Under markvandringa var det med 3 rådgjevarar frå Forsøksringen: Gunnlaug Røthe frå Voss-avdelinga, og Barth van Gool og nyttilsette Anne Marte S. Vikhammer her frå Kvinnherad. Rundt 20 interesserte bønder var og med rundt på dei 3 forsøksfelta.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland